



Ålfotbreen
verneområde

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområde
Møtestad: Gloppen
Dato: 01.03.2023
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtet startar kl 10.00.

Avdelingsdirektør på Miljøvernavingdelinga hos Statsforvaltaren, Kjell Kvingedal, vil komme og informere om prosessen med mogeleg nasjonalparkstatus for Ålfotbreen.

Vi tek lunsj på hotellet om lag kl 11.30.

Det kan vere at møtet varer til kl 14.00

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/23	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 1/23	Ålfotbreen verneområdestyre - orientering om prosessen om eventuell nasjonalparkstatus		
RS 2/23	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1/2023		2019/10793
ST 3/23	Ålfotbreen verneområdestyre - fornying av fleirårig løyve til motorferdsel - SFE Produksjon		2023/2380
ST 4/23	Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om å bygge sikringshytte ved Gjeugnabu - Flora turlag		2023/2378
ST 5/23	Ålfotbreen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler 2023		2019/4056
ST 6/23	Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan 2023		2019/2582
ST 7/23	Eventuelt		

ST 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 2/23 Signering av protokoll frå førre møte
RS 1/23 Ålfotbreen verneområdestyre - orientering om prosessen om eventuell nasjonalparkstatus



Arkivsaksnr: 2019/10793-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/23	01.03.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - orienterings saker styremøte 1/2023

- **Delegerte saker**
Det har ikkje vore handsama saker med delegert mynde sidan førre styremøte.
- **Animasjonar om landskap og geologi**
Animasjonane om geologi og landskap i Ålfotbreen er ferdige. Dei vil verte synte i styremøtet. Det er verksemda POP Film & Motion som har produsert filmane. Vi har fått heilt uvurderleg fagleg hjelp frå dei to geologane Denise Rüter og Deta Gasser ved Høgskulen i Vestland. Vi har hyra inn Arve Uglum til å legge på «forteljarstemme» på filmane. Alle involverte har gjort ein sær sars god jobb, det har vore stort engasjement og høg kvalitet på arbeidet. Forvaltar er veldig nøgd med resultatet.
- **71 grader Nord i Ålfotbreen**
TV-programmet 71 grader Nord team har blitt sendt på TV i januar og februar. I dei første episodane var deltakarane i Ålfotbreen LVO og områda rundt. Dette vart filma i september i fjor, og dei var sær heldige med veret. TV-programmet har synt frma landskap og natur på ein fin måte og vore veldig god «reklame» for Ålfotbreen. Vi håpar dette vil føre til auka merksemd og interesse vidare framover.
- **Driftsmidlar**
Ålfotbreen verneområdestyre har fått 115.000 til drift av styre. Midlane skal og dekke drift av utval og nettside.
Det er omtrent det som styret søkte om, og det same som i 2022.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/23	01.03.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - fornying av fleirårig løyve til motorferdsel - SFE Produksjon

Innstilling frå forvaltar

1. SFE Produksjon AS og Norges vassdrags- og energidirektorat (begge representert ved SFE Produksjon AS) får løyve til landingar med helikopter på ulike stader i Ålfotbreen landskapsvernområde:
 - To landingar kvart år ved inntaket i Skordalen, i august - september.
 - Ei landing kvart år ved bremålingshytta, i august – september.
 - Ei landing kvart år ved Bratthammarsvatnet, i august – september.
 - Inntil 50 landingar kvart år på Ålfotbreen i samband med bremålingar.Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.f, og i naturmangfaldlova (nml) § 48, fyrste ledd.
2. Norges vassdrags- og energidirektorat får løyve til å nytte snøskuter på Ålfotbreen i samband med bremålingane. Løyvet gjeld og ein tur ned til vassføringsstasjonen ved Store Åskårsvatnet. Løyvet vert geve med heimel i nml § 48.
3. SFE Produksjon og NVE får løyve til å bruke drone i samband med tilsyn, vedlikehald og bremålingar. Dronebruken skal vere knytt til den næringsverksemd eller forskning som er omtala i denne saka. Løyvet gjeld for inntil 60 min flygetid per dag.

Vilkår for løyve:

- Dette løyvet skal vere med under all køyring og flyging.
- Det skal ikkje flygast eller køyrast på søndagar eller heilagdagar med mindre det er strengt naudsynt. I so fall skal verneområdeforvaltar varslast.
- Kvart år skal det sendast rapport på bruken av løyvet til verneområdeforvaltaren.
- Verneområdeforvaltninga skal få tilgang på resultatata av bremålingane.

Løyva gjeld for åra 2023 til 2026



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- søknad om fornying av fleirårig løyve til helikopterlandingar og snøskuterkøyring frå SFE Produksjon AS
- kart som syner landingsstader og område for snøskuterkøyring
- verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Tidlegare fleirårig løyve til helikopterlanding og snøskuterkøyring

Søknaden

SFE Produksjon AS har fleire kraftverk med tilhøyrande infrastruktur i områda rundt Ålfotbreen landskapsvernområde. Dei har og enkelte anleggsobjekt og dessutan ei hytte som ligg inne i verneområdet. Dei må ha tilsyn og vedlikehald med desse objekta, og har behov for å lande med helikopter i samband med det.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) driv med bremålingar på Ålfotbreen. Dei har bremålingsstasjon ved den hytta som SFE P eig, og dei har ei rekke målepunkt på sjølvne breen. NVE utfører målingar fire gonger i året. Dei har då behov for ein del landingsløyver med helikopter i samband med dette. Dei har og behov for løyve til å køyre med snøskuter på Ålfotbreen i samband med målingane.

SFE Produksjon søker derfor om eit samla og fleirårig løyve til motorferdsel som dekker dei jamlege behova til SFE-P og NVE. Dei søker derfor om følgjande motorferdsel for åra 2023 til 2026:

Helikopterlandingar

- To gongar kvart år ved i samband med tilsyn med tunnelinntak i Skordalselva, i august-september
- Ein gong for året ved snømålingshytta nord for Ålfotbreen i samband med vedlikehald av hytta, i august-september
- Ein gong for året ved Bratthammarsvatnet i samband med tilsyn og vedlikehald av forseinkingsdam ved vatnet, i august-september.
- 50 landingar kvart år på Ålfotbreen, Hansebreen og ved målestasjon/brehytte nord for Ålfotbreen i regi av NVE i samband med bremålingar. Landingane vert fordelt på fire årlege målingar.
- Fire landingar kvart år i august-oktober ved målestasjon ved Store Åskorvatnet
- Fire landingar kvart år i august-oktober ved målestasjon ved Storebotnvatnet



Snøskuterkøyring

- Køyring med snøskuter mellom målepunkta på breen i samband med bremålingane til NVE. Køyringa vil vere avgrensa til to dagar i april/mai.
- Dei ynskjer dessutan løyve til å køyre ned til ein vassføringsstasjon ved Store Åskårsvatnet.

SFE Produksjon har sendt inn eit tillegg til søknaden, som handlar om bruk av drone:

«I samband med tilsyn, drift og vedlikehald av installasjonar som ligg i verneområdet, har SFE behov for å dokumentere forhold / tilstand ved bruk av drone. Flyging med drone vil vere aktuelt frå lokasjonar der vi har fått løyve til å lande med helikopter (inntak skordalselva, snømålingshytte på breen, bratthammarvatnet). Omfang pr lokasjon vil dreie seg om ca. 30 min. Vi søker om løyve til dette.»

NVE har og sendt ei presisering kring bruk av drone:

«I forbindelse med målinger av vannføring og målinger på brefeltene som ligger i verneområdet, kan NVE ha behov for å dokumentere forhold langs vassdragene og kartlegge brefeltene ved bruk av drone. Flyging med drone vil være aktuelt fra lokasjoner der det allerede er gitt løyve til å lande med helikopter og kjøre med snøskuter. Omfanget vil dreie seg om 1-2 flyginger ifm. vannføringsstasjoner og 1-2 flyginger ifm. brekartlegging i perioden 2023-2026. Flytiden per flyging estimeres til ca. 60 minutter.»

Regelverk

All motorferdsel, inkludert landing med luftfartøy, er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med visse føremål med heimel i verneforskrifta. Mellom anna gjeld dette motorferdsel i samband med tilsyn med SFE sine installasjonar ved Skordalselva og Bratthammarsvatnet.

Verneforskrifta § 3:

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:

[...]

f) transport av material og personell i samband med vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam i verneområdet.

Forvaltningsstyresmakta kan altså gje løyve til landing ved inntaket i Skordalselva og Bratthammarsvatnet med heimel i verneforskrifta.

Landingane det er søkt om i samband med bremålingar er det derimot ikkje heimel til i verneforskrifta. Det er heller ikkje heimel til snøskuterkøyringa eller til bruk av drone. Det må derfor handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48. Det er ein generell dispensasjonsheimel som kan gje unntak frå vernevedtak på visse vilkår. Paragrafen skal handsamast strengt og berre brukast unntaksvis.



Naturmangfaldlova § 48:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

[...]

Forvaltningsstyresmakta kan altså med heimel i denne paragrafen gje løyve til både helikopterlandingane og snøskuterbruken der er søkt om, dersom tiltaket ikkje strider mot verneføremålet og dersom det ikkje påverkar verneverdiane negativt.

Motorferdsel i utmark må dessutan ha løyve etter Lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som kan gje eit slikt løyve, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å få på plass det løyvet. I tillegg må grunneigar gje løyve til motorferdsla.

Alle saker som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør nml § 7, vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

SFE søker her, både på vegner av seg sjølv og på vegner av NVE, om naudsynt motorferdsel i samband med drifta til SFE og bremålingane til NVE. Bremålingane er ei oppgåve som NVE er pålagt å gjere for å følgje med på massebalansen på breane. Bremålingane er altså ei offentleg samfunnsoppgåve, gjennomført av ein offentleg instans. Verneområdeforvaltninga har tilgang til resultatane av bremålingane, som vi får tilsendt som årlege rapportar. Dette er særst interessant og viktig kunnskap.

Nokre av landingane som SFE søker om har heimel i verneforskrifta. Men dei andre helikopterlandingane, og dessutan snøskuterkøyringa, har ikkje heimel i verneforskrifta og må handsamast etter nml § 48. Då må ein først vurdere om vilkåra for å bruke den heimelen er til stades, og so deretter må ein gjere ei skjønsmessig vurdering om det er tilrådeleg å gje løyve.

I denne saka er det første ledd i § 48 som er aktuell; om tiltaket strir med verneføremålet eller om det kan påverke verneverdiane nemneverdig. Føremålet med vernet er å ta vare på landskapet utan tyngre inngrep, ta vare på biologisk mangfald og kulturlandskap og å sikre av ålmenta har høve til gode naturopplevingar. Det er snakk om å lande med helikopter i høgjellet, på bre eller fjell. Det set ikkje spor, og det er i eit område kor det er lite plante- eller dyreliv som kan verte påverka. Derimot kan helikoptertrafikk vere uroande for turfolk eller andre brukarar. Men her oppe er det ganske sjeldan at det ferdast folk, og områda er oversiktlege. Ser ein folk er det ganske greitt å ta omsyn til dei. Verknad på verneføremål og verneverdiar er heilt minimal. Føresetnaden i § 48 første ledd er derfor oppfylt og der er heimel til å kunne gje løyve.



Motorferdsel i eit verneområde skal regulerast strengt og avgrensast til det som er strengt naudsynt. Søknaden er ganske omfattande og gjeld eit ganske stort tal landingar. Særleg knytt til bremålingane til NVE. Aktiviteten er ein del av verksemda til SFE og samfunnsoppdraget til NVE. Vernet skal i utgangspunktet ikkje vere til hinder for næringsverksemd so lenge den ikkje trugar verneverdiar eller verneføremål. Vernet skal normalt heller ikkje vere til hinder for verksemd som var i gang ved på vernetidspunktet. Det vert og vektlagt at NVE er ein offentleg instans som gjer sine oppgåver på vegner av «storsamfunnet», i dette tilfellet samfunnet sitt behov for kunnskap og kartlegging. Slik eg vurderer det er tiltaket naudsynt for å gjennomføre viktige og til dels pålagde oppgåver, og ein del av verksemda til søkjarane.

Som nemnt er det søkt om mange landingar, særleg knytt til bremålingane. Det er dels fordi dette er arbeid som krev mykje flytting frå målepunkt til målepunkt, og fordi søkjaren er bedt om å sette opp maksimal ramme for tal på landingar, altso kor mange som det i verste fall kan vere snakk om. Planar og erfaring tilseier at 50 landingar vil vere nok, men at det i realiteten truleg vil verte færre enn det. Det er likevel nyttig å ha litt fleksibilitet slik at SFE og NVE kan handtere uføresette situasjonar utan å måtte søke på nytt eller bryte vilkår.

Bruk av drone må som sagt ha løyve på lik linje med motorferdsel, og det må ha heimel i naturmangfaldlova § 48. Vi kan slå fast at bruk av drone i det omfang og i dei tilfella det er snakk om her ikkje er i strid med verneføremålet, og heimelen kan brukast. Bruk av drone til dette føremålet vil kunne redusere bruk av helikopter noko, og det vil gje SFE og NVE høve til å få bilete og video som er nyttige i drifta og gje auka kunnskap. Påverknaden på landskap, dyreliv og andre brukarar, av bruk av drone i dette omfanget, er heilt minimal.

Breen og dei andre landingsstadane er karrig landskap med lite dyreliv og lite aktivitet. Vi veit derimot at enkelte av områda vert nytta som hekkeområde for rovfugl. Desse vil vere sårbare for uro i hekketida. Ein bør derfor unngå helikopteraktivitet i potensielle hekkeområde i tida april til juni. Oppe på sjølve breen er det ikkje aktuelt med hekking, so her kan ein akseptere flyging og i denne tida.

SFE-P og NVE har hatt løyve til dette i ei årrekke no. Forvaltninga har sær gode erfaringar med SFE-P og NVE når det gjeld handteringa av løyva, rapportering og generell profesjonalitet. Vi har og etter kvart god kunnskap om dette området, og det er ikkje venta at aktiviteten vil ha negative verknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget i nml § 8 er oppfylt.

Omfanget av motorferdsel i Ålfotbreen er lågt. Vi har nokre få saker kvart år, det meste knytt opp mot kraftindustri og overvakinga av brear, vatn og vassdrag. Samla belastning (jamfør nml § 10) er godt innanfor det akseptable.



Bruk av helikopter er ein effektiv og skånsam metode når ein først skal drive motorisert ferdsel. I dette området er helikopter i praktisk einaste transport som er realistisk å bruke til og frå. Bruk av snøskuter på breen mellom ein del av målepunkta er ein veldig hensiktsmessig transportmåte på kortare avstandar, og det vil og redusere behovet for helikopter ein god del. Bruk av drone vil og kunne redusere bruk av heilkopter og er dessutan særskånsamt i seg sjølv. Kravet i nml § 12 om mest skånsame metode er oppfylt.

Det er søkt om landingar ved målestasjonar ved Store Åskorvatnet og ved Storebotnvatnet. Begge desse vatna ligg utanfor landskapsvernområdet og truleg gjer og målestasjonane det. Vi går derfor ut i frå at landing ved desse vil kunne gjerast utan å lande inne i landskapsvernområdet og at dei derfor ikkje treng løyve frå forvaltningsstyresmakta for verneområdet.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.



Arkivsaksnr: 2023/2378-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 22.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/23	01.03.2023

Ålfotbreen landskapsvernområde - søknad om å bygge sikringshytte ved Gjegnabu - Flora turlag

Innstilling frå forvaltar

Flora turlag får løyve til å bygge sikringsbu ved Gjegnabu. Sikringshytta skal ha utforming som synt i teikninga som ligg vedlagt søknaden og vere på maksimalt 45 m² flatemål. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c.

Vilkår for løyvet:

- Sikringshytta skal plasserast som det er synt på kartet, om lag 50 meter sørvest for Gjegnabu. Det vert gjeve ein viss fleksibilitet her, med tanke på praktiske løysinga.
- Sikringshytta skal plasserast på betongsøyler. Det skal ikkje støypast mur.
- Hytta skal ha same farge på taket som Gjegnabu har. Kledninga skal vere lys grå, so lik fjellet rundt som mogeleg.
- Det skal vere lite takutstikk, maks 20 cm.
- Det skal ikkje byggast større platting ved sikringshytta. Trapp opp til dør eller mindre platting på opptil 1 m² ved inngangsdør vert akseptert.
- Bygginga skal vere ferdig før utløpet av 2025.
- Når byggearbeidet er fullført skal det ryddast opp rundt hytta. Alt avfall og materialrestar skal fjernast. Reint treverk kan brukast til ved.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om bygging av sikringshytte frå Flora turlag, inkludert skisser
- Vedlegg med kartplassering og kompletterande teikningar
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde

Søknaden

Flora turlag eig hytta Gjegnabu, ei ubetjent DNT-hytte som ligg på nesten 1200 moh i Bremanger kommune, ikkje so langt frå fjellet Gjegenen. Turlaget ønskjer no å bygge ei sikringsbu om lag 50 m frå Gjegnabu, både med omsyn til tryggleik og kapasitet.

Flora turlag har engasjert arkitektfirma NÆR AS til å prosjektere og teikne sikringshytta. Dei har teikna eit forslag til ei ganske enkel sikringshytte som og er dugande til overnatting og opphald. Hytta er på om lag 40 m², og med takutstikk so dekker den 52 m² i BYA.

Hytta er tenkt plasser om lag 50 m sørvest for dagens Gjegnabu (sjå kart) og den er tenkt plassert på betongsøyler som vert forankra i fjellet med fjellboltar. Det blir «luft» under hytta. Bygningskroppen vil ha ein avlang og åttekanta form med ei lengde på åtte meter og ei breidde på fem meter. Hytta vil ha ei mønehøgde på 3,9 m og ei gesimshøgde på 2,3 m.

Hytta er teikna med effektive løysingar. Her er eit relativt stort vindfang/inngangsparti med plass til å henge og sette frå seg kle, sko og utstyr. Inne i hovudrommet er det kjøkkenkrok og opphaldsrom med spisebord og benkar. Hytta skal ha hems med seks sengeplassar. Det er ikkje planlagt toalett inne i hytta.

Flora turlag søker om løyve frå verneområdestyret til å sette opp sikringshytta i tråd med teikningane. Dei vil ta atterhald om mindre justeringar frå teikningane slik at den som skal sette opp hytta vil ha eit viss «slingringmonn» til praktiske tilpassingar.

Regelverk

Oppføring av bygningar er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til oppføring av bygningar til visse føremål og på visse vilkår, jamfør § 3 punkt 1.3 i same forskrift. Mellom anna gjeld dette nybygg til turlagsverksemd:

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

[...]

- c) oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk, turlags-verksemd og oppsyn som ikkje er i strid med verneformålet. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk, og det er eit vilkår at det ikkje er andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål



Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for naudsynt byggeløyve frå kommunen, etter plna.- og bygningslova. Og i tillegg løyve frå grunneigar.

Vurdering

Føremålet med bygging av sikringsbu ved Gjegnabu er todelt. Først og fremst gjeld det å bygge ei sikringsbu til den eksisterande Gjegnabu. Dei fleste DNT-hyttene har sikringshytte eller sikringsbu. Dette er hytter som ofte er mindre og enklare utstyrt enn hovudhytta. Men kor der er ly, varme og utstyr slik at man skal kunne klare seg dersom hovudhytta vert utsett for til dømes ein brann eller anna øydelegging og ikkje kan brukast. Gjegnabu er ei av landets mest avsidesliggande turlagshytter, og dessutan ligg den i eit område kor ver og klima kan vere tøft. Om ein skulle miste både Gjegnabu og ein del av utstyret sitt i ein brann, vil ein i verste fall kunne vere heilt avhengig av ei sikringshytte for å berge seg.

I tillegg vil oppføring av ei sikringshytte auka kapasiteten ved Gjegnabu. Den har i dag seks sengeplassar. Hytta er ein del brukt av turgrupper frå turlaga og av skuleklassar, og då er det behov for meir plass. Det har vore mange døme på at kapasiteten har vore sprengt og at folk må ligge ute. Med ei sikringshytte vil ei auke, og på papiret doble, kapasiteten. Kapasitet har og eit trykkleiksaspekt ved seg. Fleire folk og meir utstyr i hytta enn det hytta er bygd for, vil og auke risikoen for uhell og brann noko.

Hytta er tenkt plassert om lag 50 m sørvest for dagens Gjegnabu, på same fjellryggen som Gjegnabu ligg på. Då er det lang nok avstand mellom hyttene til at ein eventuell brann forhåpentlegvis ikkje vil spreie seg frå den eine til den andre, men samstundes nær nok til at hyttene kan fungere i lag og dele ein del utstyr og fasilitetar. Plasseringa er naturleg i landskapet med tanke på snø- og vertilhøva. Terrenget består av fjell i dagen og er veldig robust.

Hytta er tenkt plassert på 13 støypte søyler som igjen er forankra i fjellet med fjellboltar. Det vert «luft» under sjølve hytta, noko som vil redusere vindfanget og gjere den mindre utsett for oppfonning av snø. Søylen vil dessutan redusere behovet for sement her oppe i fjellet, og fundamentet vil vere praktisk mogeleg å fjerne dersom det skulle verte naudsynt ein gong. Då vil det i so fall vere minimalt med spor etter hytta.



Flora turlag har fått arkitektverksemda NÆR AS til å teikne hytta. Dei har teikna ei lita og funksjonell hytte som dekker behovet. Med sine om lag 40 m² i flatemål er den om lag like stor som Gjegnabu, men noko meir avlang i formen. Utforminga er tydeleg inspirert av Gjegnabu med liggande kledning, vindauge som er låge med breie og same type tak. Sikringshytta er teikna med ein del større takutstikk enn Gjegnabu. Gjegnabu er ganske kvadratisk av seg med rette hjørne. Sikringsbua er åttekanta og får dermed ei vesentleg meir straumlinja form. Det kan redusere faren for at snøen fonnar seg opp rundt hytta, noko vi veit er eit utfordring på Gjegnabu. Hytta har sekundær inngang/utgang på motsett side av hovudinngang. Det er fornuftig med tanke på bruk i sterk vind, men og viktig med tanke på rømningsveg ved brann. Det siste er eit ekstra viktig moment med so låge vindauge. Hytta skal ha vanleg skorstein med pipe godt over møne.

Det er eit krav i verneforskrifta at hytta skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk. Hytta bør also passe inn i landskapet utan å skilje seg for mykje ut. Den bør ha ein fasong som følgjer formasjonane i landskapet til ei viss grad, og det gjer denne hytta. Vidare so er det vanskeleg å definere noko tradisjonell byggeskikk i dette området, sidan her er so få andre bygningar å samanlikne med. Enkelt fortalt kan ein seie at det tradisjonelle i dette området er det funksjonelle. Elles so kan ein samanlikne med Gjegnabu som er einaste eksisterande bygningen her (i tillegg til utedoen), og slik sett kan ein seie at Gjegnabu definerer byggeskikken. Sikringshytta er ganske lik Gjegnabu, særleg om ein vel farge og løysing på taket som er lik den på Gjegnabu.

Vestland fylkeskommune har fått saka tilsendt i tilfelle dei vil gje uttale om byggeskikken, men dei har ikkje sendt inn nokon merknad.

Sikringshytta er teikna med ein del større takutstikk enn det Gjegnabu har. Det er ikkje målsett kor langt det vil stikke ut, men følgje teikninga utgjer takutstikket 12 m² i flate. Takutstikk er ein viktig del av uttrykket til eit bygg, og ikkje minst er det ein viktig praktisk detalj. Jo meir takutstikk, jo meir takareal og jo meir snølast. Her oppe vil dessutan vinden vere ein minst like viktig faktor som snø, og jo meir takutstikk jo betre tak vil vinden få. Lite takutstikk vil derfor både gjere hytta meir lik Gjegnabu, men og mindre utsett for naturkreftene.

Farge på kledninga er viktig her. Der må ein vere sær medviten kva ein vel og eventuelt set vilkår om. Der er det to retningar ein kan gå. Enten so bør ein velje den mørk raude fargen som Gjegnabu har. Eller so bør ein velje ein lys gråfarge som liknar på fjellet rundt og gjer til at sikringshytta blir so lite synleg som muleg. Forvaltar hallar til det siste, slik at sikringshytta vert so anonym som muleg og ikkje tek merksemd frå den ikoniske Gjegnabu. Styret bør likevel diskutere dette og ta stilling til det.

Det er eit vilkår i heimelen i verneforskrifta at bygget ikkje er i strid med verneføremålet. Det er sær få bygningar i Ålfotbreen og det er eit ganske urøyvd område, noko som igjen er ein viktig del av verneføremålet. Det ligg i både verneføremål og regelverk at ein skal vere restriktiv med byggeverksemd og særleg nye bygningar. Samstundes står det nemnt i verneforskrifta at det kan gjevast løyve, og då skal den opninga vere reell. Dessutan er friluftsliv nemnt som ein del av verneføremålet. Konklusjonen blir då at ei sikringshytte som det er søkt om i denne søknaden ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane.



Det er ikkje teikna inn toalettløysing inne i sikringshytta. Vi går då ut i frå at turlaget er nøgde med dagens toalettløysing, som er Gjegnabu sin utedo. Turlaget kan ikkje rekne med å få løyve til fleire bygningar seinare. Dersom dei har planer for ei anna toalettløysing enn dagens utedo, so bør dei innlemmast i planane.

Det er heller ikkje skrive noko om solcellepanel i søknaden, verken i teksten eller skissene. Gjegnabu har eit solcellepanel og det er ganske vanleg at DNT-hytter av denne typen har det. Flora turlag må vere medvitne om at montering av solcellepanel i ettertid er rekna som fasadeendring og derfor må søkast om.

Med det låge talet på hytter i verneområdet og dei strenge vilkåra for å bygge hytter kan ein ikkje sjå at samla belastning av verken dette tiltaket eller ei eventuell presedensverknad er særleg stor. Enkelt forklart kan ein dessutan seie at saka ikkje skapar presedens. Her er to turlagshytter i verneområdet, og den andre (Blåbrebu) har allereie sikringshytte. Naturmangfaldlova § 10 er oppfylt.

Forvaltninga kjenner både Gjegnabu og området rundt godt. Det er ikkje kjende naturverdiar som kan verte nemneverdig påverka her oppe. Terrenget består av ope fjell som er robust og toler aktivitet og byggeverksemd. Sjølv sagt på vilkår om at det vert rydda opp skikkeleg etter at byggeperioden er ferdig. Kunnskapsgrunlaget er solid, jamfør nml § 8.

I tråd med nml § 12 skal mest skånsame lokalitet og metode veljast. Ein kan ikkje sjå at dette kan gjerast meir skånsamt eller at det er noko å hente på å plassere det ein annan stad. Skal hytta fungere som sikringshytte so må den nødvendigvis ligge i nærleiken av Gjegnabu. Kravet er derfor oppfylt.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

Det er både særst forståeleg og eigentleg eit naudsynt behov å ha ei sikringshytte ved Gjegnabu. Det er soleis ingen tvil om føremålet og når det og er opning i verneforskrifta til det so framstår det som eit særst fornuftig tiltak å bygge sikringshytte her. Ein må likevel gjere ei vurdering av storleik og utforming. Særleg bør styret diskutere val av farge på kledning og kor mykje utstikk det bør vere på taket.

Flora turlag er sjølv ansvarlege for byggeløyve frå Bremanger kommune og naudsynt avtale med Statskog som er grunneigar. Turlaget må og hugse å søkje om løyve til motorisert ferdsel i samband med transport av material og utstyr.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 22.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/23	01.03.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler 2023

Innstilling frå forvaltar

Tiltaksmidlane vert fordelt i tråd med søknaden, med unntak av tiltak nr 6 soim ikkje vart godkjent. Dei 25.000 som er til overs vert overført til stiltak når prosjektering av dei tiltaka er ferdig.

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler for 2023
- Tildeling av tiltaksmidler frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidler frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Ålfotbreen verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2021. Verneområdestyret søkte om totalt 450.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.



Tildeling

Ålfotbreen verneområdestyre har fått 300.000 i tiltaksmidler i 2023. Alle tiltak utanom eitt, Animasjonsfilm om bre og klima, er godkjende innanfor postføremålet og kan brukast tiltaksmidler til.

Søknad

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Rydde skog langs skogsvegen i Hope	I og langs skogsvegen som går oppover mot Lavesteinen er det behov for å rydde skog.	25 000
2	Sti til Blåbrebu	Mindre tilretteleggings- og sikringstiltak langs den merka stien frå Grøndalen til Blåbrebu	50 000
3	Skilt	Sette opp nye skilt, og erstatte gamle og øydelagde skilt, langs stiar og vegar	5000
4	Tilrettelegging Førdedalen	Mindre tiltak i samband med naturmøteplass kor det er sett opp gapahuk	25 000
5	Infoskilt	Sette opp fleire infoskilt i Hyen, Flora og Bremanger	100 000
6	Animasjonsfilm og bre og klima	Bygge vidare på animasjonsfilm produsert i 2022/2023. Filmen skal syne korleis breane har blitt til og korleis dei no er i ferd med å smelte bort	175 000
7	Rydde og remerke stiar i Grøndalen	Rydde og merke opp att dei gamle stiane rundt Grøndalen. Helst få til ein rundtur	20 000
8	Sti Åskora - breen	Utbetring av ruta frå Åskora til breen. Her er det behov for å gjere nokre tiltak og utbetringar på det som tidlegare har vore gjort av sikring og tilrettelegging særleg på første delen av stien. Planlegging i 2022, utføring i 2023-	50000
Totalt			450 000

Handsaming i møte:

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2023. Midlane kan fordelast mellom dei tiltaka som er søkt om midlar til og som er godkjent av Miljødirektoratet. Styret søkte om midlar til 8 ulike tiltak, med samla estimert kostnad på 450.000. Tiltak nr 6 om animasjonsfilm er ikkje godkjent, og kostnaden der var estimert til 175.000. Då står det att 7 tiltak med samla estimert kostnad på 275.000. Vi har altso full finansiering av dei 7 godkjente tiltaka og vel so det.

I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Denne prioriteringa er eit utgangspunkt, men den kan endrast no. Med full finansiering har det uansett lite å bety.

Styret kan likevel gje føringar for arbeidet med tiltak og tiltaksmidler.



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 22.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/23	01.03.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan 2023

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre fastset datoar for styremøte 2/2023, 3/2023, 4/2023 og studietur.

Saksopplysningar

Eit nytt år er i gang, og vi har no det første møtet. Styret bør sette opp ein møteplan no i starten av året slik at styremedlemmer og forvaltning får lagt datoane inn i kalendrane sine.

Vedtektene til styret seier at det skal vere minst fire møter i året, og det er det styret har lagt opp til i budsjettet for 2023. Normalt sett vil det vere tilstrekkeleg. Om saksmengda skulle tilseie det, so kan det bli justeringar med både færre og fleire møter.

2023 vert det siste i styreperioden for det sittande styret. Det er kommune- og fylkestingsval til hausten, og i etterkant av det skal det oppnemnast nytt styre. Erfaringsmessig skjer ikkje det før rundt årsskifte. Det sittande styret bør derfor vere førebudde på å sitte ut heile året, og legge opp møteplanen med tanke på det.

Verneområdeforvaltar har gått gjennom møteplanane til kommunane og fylkeskommunen, og funne aktuelle datoar som ikkje kolliderer med politiske møter.

Styremedlemmane bør sjekke kalendarane sine i forkant av møtet, slik at vi kan sette møtedatoar allereie no.

Styret har lagt planer for ein studietur. Dersom det skal la seg gjennomføre, so må dei datoane settast av allereie no. Mest aktuelt der er truleg å legge den saman med styremøte 2/2023.

Då må vi finne 2 eller 3 dagar på rad som vi kan sette av.

Styremøte 2/2023:



Ålfotbreen verneområdestyre

Saksframlegg

15.mai
16.mai
19.mai
22.mai
26.mai
30.mai
31.mai
1.juni
2.juni
5.juni

6.juni
9.juni
12.juni
15.juni
16.juni
19.juni
20.juni
21.juni
23.juni

Styremøte 3/2023:

21.aug
22.aug
23.aug
24.aug
25.aug
28.aug
29.aug
30.aug
4.sept
5.sept

11.sept
12.sept
13.sept
14.sept
15.sept
18.sept
19.sept
20.sept
22.sept

NB: Styremøte 3/2023 er i tida rundt kommune- og fylkestingsvalet og kan derfor verte utfordrande.

Styremøte 4/2023

20.nov
21.nov
23.nov
24.nov
28.nov
29.nov
30.nov
1.des

4.des
5.des
6.des
7.des
8.des
11.des
14.des
15.des

ST 7/23 Eventuelt